

Kvartalsrapport

3-2018

Kodeklubben Valdres i Sør-Aurdal har mottatt kr 75.000 fra SpareBankstiftelsen Øystre Slidre, samt 21 brukte datamaskiner og skjermer fra banken.



SpareBank 1
HALLINGDAL VALDRES

Kommentarar 3. kvartal 2018

Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område:

• Bankverksemd • Eigedomsmekling • Rekneskapsføring.

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med eigedomsutvikling og investeringsverksemd. Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 5 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskapsen omfattar også to felleskontrollerte verksemdar inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit samla resultat etter skatt på 100,1 mill. kroner hittil i år. Dette er 1,5 mill. over resultatet på same tid i fjor.

Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 82,9 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 3. kvartal på 104,1 mill. kroner som svarar til 1,40 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 18,2 mill. under tilsvarande periode i fjor. Fjorårets rekneskap hadde fleire eingongseffektar som påverka resultatet positivt, medan resultatet per 3. kvartal i stor grad er basert på normal drift.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 137 mill. kroner og er 6,2 mill. over tilsvarande periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 3. kvartal på 1,80 %. I same periode i fjor var Rentenettoen 1,87 %. Det er hittil i år kostnadsført 3,7 mill. i sikringsfondsavgift. Årsavgifta er periodisert slik at dette utgjer 3/4 av årleg avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjer 99,2 mill. kroner mot 118,4 mill. i same periode i fjor. Årsaka til nedgangen er fjorårets eingongseffektar knytt til utbetaling av ekstraordinært utbytte frå selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Desse postane utgjorde i fjor til saman 23,9 mill. Om ein ser bort frå desse, har banken ein reell auke i andre inntekter i hittil i år.

Driftskostnadane per 3. kvartal auka frå 99,4 mill. i fjor til 106,4 mill. kroner i år. Kostnadsauken og er nokså jamt fordelt mellom dei ulike hovudpostane. Resultatrekneskapsen viser ein netto tapkostnad på 2,8 mill. kroner. Auka nedskrivningar knytt til utlån utgjer 2,5 mill. kroner av tapkostnaden så langt i år.

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på 10,4 mrd. kroner etter ein vekst på 8,9 % siste 12 månader.

Balanseførte utlån samt overførte lån til kredittføretaka SpareBank 1 Boligkreditt AS (boligkreditt), og SpareBank 1 Næringskreditt AS (næringskreditt) har ein vekst frå 3. kvartal i fjor på 798 mill. kroner eller 7,7 %. Banken har overført lån for 2,5 mrd. kroner til kredittføretak. Dette utgjer 21,5 % av balanseførte og overførte lån. Samla utlån fordeler seg med 71,4 % til privatmarknaden og 28,6 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleggalde lengre enn 90 dagar utgjer per 3. kvartal 35,7 mill. av utlånsvolumet og er ein nedgang på 18,7 mill. frå 3. kvartal i 2017. Sidan utgangen av 2017 har volumet gått litt opp. Mislegghaldet utgjer med det 0,41 % av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 50,2 mill. kroner. Mislegghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 3. kvartal er på 7,4 mrd. kroner, og er ein auke på 118 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 4,2 mrd. frå privatmarknaden og 3,2 mill. frå bedriftsmarknaden. Rekna i prosent er auken siste 12 månader på 7,6 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalslutt er på 85,3 % mot 84,6 % for eit år sidan.

Banken har per 3. kvartal 1,6 mrd. kroner i eksterne innlån fordelt på 6 obligasjonslån på ca. 1,4 mrd. kroner, eit banklån pålydande 100 mill. kroner og to ansvarlege lån på til saman 120 mill. kroner. Av innlåna har 404 mill. kroner resterande løpetid på under eit år.

Eigedomsmekling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmelegren AS og har 18,3 årsverk. Selskapet har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal. I Valdres er selskapet i ein utfordrarposisjon.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 3. kvartal på 3,8 mill. som er 0,1 mill. over tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene på 35,6 mill. er 7,1 mill. over 3. kvartal i 2017. Så langt i år har selskapet omsett 530 eigedomar mot 434 i same periode i fjor.

Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Selskapet har 41,5 årsverk og har kontor i 5 kommunar i Hallingdal og i 2 kommunar i Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 3. kvartal på 0,4 mill. noko som er 1,1 mill. over tilsvarande periode i fjor.

Andre verksemdar

Konsernet si eigedomsverksemd har vore drive av dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS og SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS. Styret vedtok i juni å overføre bankbygg frå dotterselskap til morbanken. I kvartalet er eigedomane på Beitostølen, Gol og Hemsedal overført frå

dottar til mor til verkeleg verdi. Dei bokførte verdiane er vidareført i morbank. Lokala på Heggnes tilhøyrer framleis dotterselskapet SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS.

Selskapa leverer eit resultat før skatt per 3. kvartal på -2,6 mill. kroner. Dette er 2,6 mill. svakare enn same periode i fjor og skuldast eit realisert tap ved overføring av bygget på Beitostølen på ca. 2,1 mill. kroner. Selskapa har som målsetting å gå om lag i balanse.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå og har kjøpt ein eigedom på Geilo som skal vidareutviklast. Resultatet før skatt per 3. kvartal er på -0,3 mill. kroner noko som er 0,1 mill. svakare enn same periode i fjor. Resultatutviklinga i selskapet vil i stor grad vere avhengig av framtidig tomtesal.

Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i kvar av dei felleskontrollerte selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Desse selskapa er eigd av dei 10 minste bankane i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå desse verksemdene inngår i konsernrekneskapsen, i tillegg til morbanken og dotterselskapa, og utgjer 18 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 100,1 mill.

Kapitaldekning

Frå og med 1. kvartal i år vart det innført krav om innkonsolidering av eigardelar i føretak i samarbeidande gruppe i utreking av kapitaldekning. Reglane gjer at selskapa SB1 Boligkreditt AS, SB1 Næringskreditt AS, SB1 Kredittkort AS, SB1 SMN Finans AS og BN Bank blir konsolidert inn i høve til eigardelar. Etter desse reglane har konsernet ved utgangen av 3. kvartal ei kapitaldekning på 20,4 %. For morbanken er kapitaldekninga på 18,9 %. Kvartalsrekneskapsen er ikkje revidert så resultatet hittil i år er ikkje lagt til den ansvarlege kapitalen. Banken har eit ansvarleg lån på 120 mill. kroner som styrkar den ansvarlege kapitalen og kapitaldekninga.

Forsikringsfusjon

SpareBank 1 Gruppen AS og DNB ASA inngjekk 24. september ei avtale om å slå saman forsikringsverksemdene. Dette vil skje ved at DNB Forsikring AS fusjonerer med SpareBank 1 Skadeforsikring AS. Planen er at det fusjonerte selskapet vil ha ein tilnærma komplett produktportefølje innanfor risikoforsikring til privat- og SMB-marknaden. I intensjonsavtala er det lagt til grunn eit bytteforhold på om lag 80 % for SpareBank 1 Gruppen og om lag 20 % for DNB. Dette bytteforholdet baserer seg på verdien av dei to skadeforsikringselskapa. SpareBank 1 Gruppen AS skal ha ein eigardel på 65 % og DNB 35 % i det nye selskapet. I tillegg har DNB sikra ein opsjon på å kjøpe seg opp til 40 % eigardel.

Selskapet vil framleis vere eit dotterselskap i SpareBank 1 Gruppen AS. I transaksjonen er det nye skadeselskapet verdsett til 19,75 mrd. kroner, inklusive verdien av personrisikoprodukt som blir overført frå dei respektive livselskapa til det nye selskapet. Tilsvarande vil bli lagt til grunn når DNB skal auke eigardelen frå 20 til 35 %. Kjøpesummen for 15 % av aksjane vil difor vere 2,96 mrd. kroner.

Basert på tal per 31.12.17 og proforma konsernrekneskap, vil fusjonen og desse transaksjonane samla sett medføre ein auke i eigenkapitalen for SpareBank 1 Gruppen på konsernnivå med om lag 6,9 mrd. kroner.

SpareBank 1 Gruppen AS vil få ein skattefri gevinst på om lag 2,65 mrd. kroner som følgje av nedsalet til DNB ASA. SpareBank 1 Gruppen sitt utbyttegrunnlag vil auke tilsvarande denne gevinsten. SpareBank 1 Hallingdal Valdres sin del av eit eventuelt utbytte på 2,65 mrd. kroner (1,5 prosent) utgjer om lag 40 mill. kroner. Eit eventuelt utbytte frå SpareBank 1 Gruppen vil vere avhengig av kapitalstatusjonen og avgjerder i dei styrande organ i selskapet, og kan tidlegast bli gjennomført i andre kvartal 2019.

Finanstilsynet har nyleg offentleggjort eit brev til Finansdepartementet der det er forslag om endringar i det gjeldande regelverket som vil hindre finansinstitusjonar å betale ut utbytte basert på interimrekneskap. Dersom dette blir vedteke, vil det moglege utbyttet frå SpareBank 1 Gruppen til eigarbankane ikkje kunne skje før i 2020.

Fusjonen vil etter planen bli gjennomført 1. januar 2019 med føresetnad om godkjenning frå myndighetene.

Framtidsutsikter

Rentehevinga frå Norges Bank er følgd opp med tilsvarande renteheving til banken sine kundar som får full effekt frå medio november. Me støttar Norges Bank si analyse om moderat renteheving i åra framover noko som forhøpentlegvis klarar å dempe prisveksten på bustader og gjeldsveksten til eit moderat nivå. Det er fleire usikkerheitsmoment, men alle kjente faktorar i dag tilseier fortsatt vekst i konsernet sine ulike forretningsområder. Konsernet opprettheld prognosen for 2018 med eit resultat tilsvarande 2017.

Hallingdal, 30.09.18/13.11.18

Kjell Vidar Bergo Kristin Ourom Tore Østlund Gro Lundby
styreleiar nestleiar

Ragnhild Kvernberg Odd Holde Vidar Isungset Ellen Intelhus

Knut Oscar Fleten
adm. banksjef

Resultatrekneskap 3. kvartal 2018 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK						KONSERN				
Året 17	3. kv. 17	3. kv. 18	30.09.17	30.09.18		30.09.18	30.09.17	3. kv. 18	3. kv. 17	Året 17
277 099	70 436	74 644	207 195	218 374	Renteinntekter og liknande inntekter	217 248	205 712	74 479	70 084	274 941
101 273	24 841	27 024	76 438	81 422	Rentekostnader og liknande kostnader	81 802	76 470	27 415	24 858	101 256
175 825	45 595	47 619	130 757	136 952	Netto rente- og provisjonsinntekter	135 446	129 242	47 064	45 226	173 685
48 238	179	-1 369	48 845	29 362	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	25 815	24 546	7 328	7 249	39 962
79 417	20 848	20 014	58 401	61 163	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	61 163	58 401	20 014	20 848	79 417
6 290	1 347	1 901	4 393	5 445	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	5 445	4 393	1 902	1 347	6 290
14 278	757	9 062	12 749	10 293	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	10 293	12 749	9 062	758	14 278
4 156	788	840	2 818	3 779	Andre driftsinntekter	60 738	55 193	17 536	16 964	74 470
139 800	21 225	26 646	118 420	99 152	Sum andre inntekter	152 564	146 496	52 038	44 472	201 837
315 625	66 820	74 266	249 177	236 104	Sum driftsinntekter	288 010	275 738	99 102	89 698	375 522
74 521	18 517	19 731	49 623	52 714	Personalkostnader	92 555	85 760	32 086	28 802	123 787
38 452	8 417	9 085	27 400	28 793	Administrasjonskostnader	28 273	27 184	8 624	8 654	37 860
4 399	1 155	1 245	3 229	4 519	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	10 809	9 836	3 225	3 483	13 903
25 822	6 515	6 313	19 146	20 361	Andre driftskostnader	30 428	26 130	11 277	8 928	37 780
143 195	34 605	36 374	99 398	106 387	Sum driftskostnader	162 065	148 910	55 212	49 867	213 330
172 430	32 215	37 892	149 779	129 717	Resultat før tap	125 945	126 828	43 890	39 831	162 192
8 983	-734	191	5 654	2 743	Tap på utlån, garantier mv	2 743	5 654	191	-734	8 983
1 023	1 104	-2 434	1 076	-2 374	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-2 374	1 077	-2 433	1 104	2 877
162 425	31 846	40 134	143 049	129 348	Resultat etter tap	125 576	120 097	46 132	39 461	150 332
28 048	7 250	9 000	20 750	25 250	Skatt på ordinært resultat	25 517	21 474	8 487	7 559	27 577
134 376	24 596	31 134	122 299	104 098	Resultat av ordinær drift etter skatt	100 059	98 623	37 645	31 902	122 755
134 376	24 596	31 134	122 299	104 098	Resultat	100 059	98 623	37 645	31 902	122 755

Nøkkeltal

MORBANK	3. kv. 18	3. kv. 17	Året 17	Norm 17*
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,80	1,87	1,86	1,81
Driftskostnader i % av driftsinntekter	45,06	39,89	45,37	51,22
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,40	1,42	1,51	1,32
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	13,53	16,33	13,51	10,97
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	10,89	13,96	11,18	8,57
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	6,65	9,66	9,61	6,89
Overførte lån til kredittforetak (1000 kr)	2 457 492	2 198 626	2 270 201	
Utlånsvekst i % siste 12 mnd. inkl. overført til kredittforetak	7,74	8,72	9,38	7,90
Innskotsvekst i % siste 12 mnd.	7,55	8,04	10,81	5,24
Innskot i % av brutto utlån	85,31	84,60	86,59	81,69
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 mnd.	8,86	7,13	10,96	7,32
Likviditetsreserve i % (LCR)	147,00	149,00	165,00	168,90
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)**	1 445 991	1 026 144	1 118 013	
Kapitaldekning i % **	18,93	17,51	18,61	20,99
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)**	8,68	8,79	9,30	
Eigenkapitalprosent	12,76	13,03	12,18	10,99
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,58	0,58	0,57	0,52
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,03	0,07	0,11	0,08
KONSERN				
Likviditetsreserve i % (LCR)	155,00	181,00	173,00	
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)**	1 557 427	1 152 361	1 227 777	
Kapitaldekning i % **	20,39	18,90	19,69	21,43
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)**	9,42	9,81	10,15	

* Bygges på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner.

** Frå og med 1. kvartal 2018 blir tal etter nye konsolideringsreglar for eigarforetak i samarbeidande gruppe rapportert.

Dotterelskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINTEKTER	30.09.18	30.09.17	Endring	RESULTAT FØR SKATT	30.09.18	30.09.17	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	35 641	28 545	7 096	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	3 771	3 684	87
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	5 565	4 933	632	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	574	480	94
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	1	1 101	-1 099	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-341	-217	-124
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	26 466	27 136	-670	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	352	-715	1 067
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	3 484	3 022	462	SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-3 196	-514	-2 682
Sum	71 158	64 737	6 421	Sum	1 159	2 718	-1 559

Balanse per 30. september 2018

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.17	30.09.17	30.09.18	EIGEDELAR	30.09.18	30.09.17	31.12.17
71 664	70 387	70 498	Kontantar og fordringar på sentralbankar	70 498	70 387	71 664
562 044	396 841	350 824	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	350 837	396 866	561 692
8 441 275	8 117 151	8 656 666	Brutto utlån til og fordringar på kundar	8 607 623	8 017 804	8 326 962
-10 138	-12 547	-11 007	- Individuelle nedskrivningar	-11 007	-12 548	-10 138
-37 900	-34 300	-39 200	- Gruppevise nedskrivningar	-39 200	-34 300	-37 900
8 393 237	8 070 304	8 606 459	Netto utlån til og fordringar på kundar	8 557 416	7 970 956	8 278 924
21 330	16 746	20 530	Overtekte eignedelar	20 530	16 746	21 330
403 196	400 149	395 834	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	395 834	400 149	403 196
461 631	441 311	553 661	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	553 902	441 627	461 951
78 071	78 071	78 071	Eigarinteresser i tilknyttta selskap	173 583	168 374	178 113
47 374	48 492	65 929	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
5 193	4 560	4 859	Immatrielle eignedelar	5 822	7 066	7 535
15 633	16 312	70 151	Varige driftsmidlar	94 734	112 103	101 764
4 754	11 461	204 663	Andre eignedelar	225 537	33 335	25 629
4 318	24 294	6 529	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	54 596	54 135	49 043
10 068 446	9 578 928	10 428 007	Sum eignedelar	10 503 289	9 671 744	10 160 841
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
109 281	100 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	99 885	100 000	109 995
7 309 609	6 866 747	7 385 132	Innskot frå og gjeld til kundar	7 340 691	6 848 910	7 281 099
1 242 101	1 195 600	1 403 211	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 403 211	1 195 600	1 242 101
86 576	40 072	60 043	Anna gjeld	67 540	50 971	93 472
11 352	46 721	8 194	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	21 857	52 888	22 193
23 147	21 630	20 949	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	22 278	23 360	23 889
60 000	60 000	120 000	Ansvarleg lånekapital	120 000	60 000	60 000
8 842 066	8 330 770	9 097 530	Sum gjeld	9 075 462	8 331 729	8 832 749
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
818 458	818 458	818 458	Sum innskote eigenkapital	818 457	818 457	818 457
285 701	197 561	285 701	Utjamningsfond	285 701	197 561	285 701
114 181	101 802	114 181	Grunnfondskapital	114 181	101 802	114 181
8 039	8 039	8 039	Gåvefond	8 039	8 039	8 039
-	-	-	Fond for vurderingsulikheiter	89 946	90 367	100 042
-	-	-	Anna eigenkapital	11 444	25 166	1 672
407 922	307 401	407 922	Sum opptent eigenkapital	509 311	422 935	509 635
-	122 299	104 098	Resultat hittil	100 059	98 623	-
1 226 379	1 248 158	1 330 477	Sum eigenkapital	1 427 827	1 340 015	1 328 092
10 068 446	9 578 928	10 428 007	Sum gjeld og eigenkapital	10 503 289	9 671 744	10 160 841
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
523 930	572 315	476 751	Betinga forpliktingar	476 751	572 315	523 930

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
MISLEGHALDNE LÅN	3. kv. 18	3. kv. 17	Året 17
Brutto misleghaldne lån	35 686	54 421	27 620
- individuelle nedskrivning	9 187	10 106	7 794
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	26 499	44 315	19 826
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	1 978	1 908	2 620
- individuelle nedskrivning	1 820	2 442	1 166
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	158	-534	1 454
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR			
Endring gruppenedskrivning	1 300	-2 000	1 600
Endring individuell nedskrivning	1 514	3 477	1 289
Konstatert tap i perioden	468	6 104	7 543
Inngått på tidl.konst. tap	-538	-1 927	-1 449
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	2 744	5 654	8 983

Tlf 9150 3202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor:
Geilo, Ål, Gol, Nesbyen, Flå, Hemsedal,
Fagernes, Heggenes og Beitostølen

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES

